

# FESTE

LANDSKAP • ARKITEKTUR



Ideskisse Skinnarbu

VERDSARV OG INNFAHLLSPORT MØSSTROND

**Tittel:**

Idéskisse Skinnarbu  
- Verdsarv og innfallsport Møsstrond

**Forfattere:**

Tone Telnes, David Flågesund, Sigurd Aanby

**Dato:**

september 2025

**Oppdragsgiver:**

Vinje kommune

**Kontaktperson:**

Kjell Christenson

**Prosjektopsummering:**

Idéskisser for å utvikle Skinnarbuområdet til innfallsport mot Hardangervidda og Møsstrond. Formidling av historien og fortellinga om korleis Møsstrondsamfunnet har kjent påverknaden av den store industrireisninga på Rjukan og Notodden.

**Prosjektema:**

- Verdsarv
- Formidling
- Enkel overnatting
- DNT
- Innfallsport til fjellet
- Parkering

**Framsiddellustrasjon:**

Foto Tone Telnes

**Prosjektleiar / medarbeidar**

Tone Telnes / David Flågesund

**Produsert av:**

FESTE Arkitektur • Landskap Sør  
Tordenskioldsgate 6, 3921 Porsgrunn  
Tlf: + (47) 35 93 02 10

sor@feste.no

www.feste.no

## 1\_BAKGRUNN

Feste Landskap • Arkitektur har tidlegare utarbeidd mulighetsstudie med påfylgjande reguleringsplan for ytre del av Varlandstangen. Der var noko av målsetjinga å utvikle eit område for formidling av Møsstrond i Verdsarven, med m.a. tilhøyrande bygg for framsyning av Sam Eyde båten og snoskutर्सamlinga til Jon Neset. Dette var det ikkje enkelt å finne plass til innafor allereie utbygde område, sidan krava er strenge i høve til å ta hol på nye naturområde og utifrå eit føre-var prinsipp knytt til villireinforvaltninga.

For Skinnarbuområdet vil det derimot vera viktig å finne nye grep for å aktivisere og ta ibruk eit allereie berørt område, som idag ligg "forlatt" og dårleg utnytta. Vi har derfor på oppdrag frå Vinje kommune v/Kjell Christenson laga ei idekisse for korleis dette kunne løysast.

## 2\_KVALITETAR OG POTENSIALE

Skinnarbuområdet, nede ved vatnet (130/12), inneheld tre bygg idag:

- Butikken
- Det gamle hotellet
- Vaskeriet

Firmaet Møsvatn Fjellpark AS organiserar parkeringa på plassen. Dei har ei omsetning på kr 200.000,-/300.000,- i året.

Fjellvåken har dette som sitt avgangs-/anløpsområde. Dei har behov for betre fasilitetar enn det midlertidige bygget/ installasjonen som står her idag.

Området gjev også plass til eit bygg for opplag og framsyning av Eyde båten "Alida", den fyrste motorbåten på Møsvatn (handlinka frå 1904), samt transportlekteren som tidlegare vart bruka av «alle» på Møsstrond for frakting.

Snoskutर्सamlinga til Jon Neset som inneheld 26 køyretøy, frå 1958-modell og framover til idag, ville også kunne visast fram her.

Det gamle hotellbygget kunne setjast istand som rimeleg overnatting for dei som skal til Møgen for å gå i fjellet. Dette er noko DNT er interessert i å få til eit samarbeid om.

Butikken som ligg vendt ut mot vegen og står tom, kunne med enkle grep gjerast om til eit sesong-«kassapparat» og verdensarv-informasjon. Her kan forteljinga om historien og Møsstrondsamfunnet formidlast. I tillegg kunne det organiserast enkel kioskfunksjon og evt sal av lokalproduserte varer. Dette ville vera fint både for dei som reiser framom på vegen, og for dei som skal ta Fjellvåken innover Møsvatn.


På sidene som fylgjer har vi lagt inn nokre referansar frå mulighetsstudien som vart laga i 2023, samt nokre nye oppslag. Deretter fylgjer idekissa for korleis eit nybygg kunne innpassast og saman med eksisterande bebyggelse løyse dei funksjonane det er behov for, på ein enkel og funksjonell måte.



Foto frå området august 2025




## Referanseopplag frå mulighetsstudie Møsstrond\_2023



SAMEYDE SIN LUSTBÅT FRÅ 1916


«Dette gamle bilede viser at «Eydebaaten» originalt hadde eit overbygg som fungerte som ein salong. Overbygget blei seinare fjerna fordi det fungerte som eit «inngang for den kraftige vinden som kan vera på Møsvatn.

Foto: Eugen Løken. Kjelde: Telemarkscviva 09.03.2017



# FESTE

REFERANSAR BYGG



# REFERANSAR LANDSKAP



Bruk av naturlige bjørkeband for å organisere plassen



Markering av gangsoner




Markering av parkeringsplassar



UTSIKTPUNKT INNOVER  
MØSVATN

EKSISTERANDE BJØRKEBAND ER EIN FIN OG VIKTIG  
KVALITET SOM RAMME MOT VATNET

BJØRKEBAND ORGANISERAR PARKERINGA  
PÅ DEN STORE FLATA



BRYGGE FJELLVÅKEN

NYTT "NAUST" med utstillings-  
rom og venteromfasilitetar

ENKEL OVERNATTING (DNT)

GANGBANAR MELLOM HUSA

DEN GAMLE BUTIKKEN  
- FORMIDLING OG KIOSK/  
LOKALE VARER  
(handverk, lokalmat)

Rev. nr	Revisjon	Dato	Sign.	Korr.

Tegning  
**Situasjonsplan**  
Mål: 0000 Stud  
Arkiv: 0000 Stud

Prosjekt nr.  
**0000**

Dato oppr.  
Fase

Skisse-Phase  
**Skisse**

Rev. ID  
**A202**

**FESTE**  
LANDSKAP-ARKITEKTUR

ESSE SØR AS  
PR 120  
3505 BIRKEDAL  
+47 35 93 02 10

### SKISSEPLAN


VASKERIET      INNKØYRING P-PLASS


### 3\_HOVEDGREP IDESKISSE

Eit enkelt naustbygg er lagt inn på austsida av plassen. Det kan byggjast som ein open, høgreist konstruksjon med ein variasjon av opne og lukka veggjar. Store glasfelt er lagt langs utstillingsromma for skutersamling og båtar slik at ein kan gå svalgangen rundt bygget og kikke inn, uavhengig av om bygget har tilsyn eller ikkje. Store lemmar

kan opnast og lukkast etter behov. Midtstilt i bygget er det lagt inn ein open gjennomgang for folk. Inn frå denne er det lagt eit venterom for dei som skal med båten og treng å koma inn på kalde, våte dagar. Bygget kan også gjerast lengre for å gje plass til fleire båtar eller andre funksjonar ein ynskjer plass til.


Plasseringa av nybygget er gjort med tanke på at dei tre bygningane: Butikken, Hotellet og Naustet dannar eit tun og skal fungere sammen. For å markere samanhengen mellom bygga, kan det leggjast inn markering av gangsoner i grusflata med steindekke eller betong. Innkøyringa til parkeringsplassen styrast inn på sørsida av Hotellet.







**DEN GAMLE BUTIKKEN**  
Enkel ombygning til formidlingsbygg  
med handel og kiosk. Utforming som  
henger sammen med nybygget



**UTSNITT AV SKISSEPLAN - NAUSTBYGGET**



